



# Aurland kommune

-det naturlege valet





# AURLAND SOM EIGEN KOMMUNE

## - Det naturlege valet

Etter ei samla vurdering av dei oppgåvene kommunane har i dag, nye oppgåver, økonomisk grunnlag, geografiske tilhøve og kompetanse er Aurland som eigen kommune eit aktuelt og realistisk alternativ.

### KVA SKJER?

Stortinget har vedteke å gjennomføre ei reform der kommunane innan 30. juni skal vedta om dei vil etablere ein ny større kommune i lag med nabokommunar. Fylkesmannen skal innan 1. oktober gje si tilråding og Regjeringa legg så fram forslag for handsaming i Stortinget våren 2017.

### REGJERINGA SITT MÅL

for ny kommunestruktur er:

1. Styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.
2. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.
3. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar.
4. Heilskap og samordning i samfunnsutviklinga.

31.12.2015 hadde Aurland 1764 innbyggjarar. Det har vore vekst i folketalet dei siste 5 åra.



### AURLAND SOM EIGEN KOMMUNE

- Halda fram med 17 medlemmer i kommunestyret.
- Yta gode, likeverdige og brukarnære tenester til våre innbyggjarar.
- Vera ein berekraftig og økonomisk solid kommune.
- Har føresetnader for å kunna ta på seg nye oppgåver.
- Fremja vekst i eit variert næringsliv.
- Vera fremst i landet på reiseliv med aukande heilårsaktivitet.
- Driva kontinuerleg organisasjonsutvikling med tanke på god leiing, høg kompetanse og effektiv drift.
- Store mulegheiter for ei positiv samfunnsutvikling.
- Utnytta sin strategiske posisjon, geografisk og næringsretta, til og sikra arbeidsplassar og skapa nye.

### AURLAND SOM VERTSKOMMUNE

- Verdsarv kommune
- Internasjonale turistattraksjonar
- Sogn Jord- og Hagebruksskule

### SAMARBEID

- Samarbeida med våre nabo-kommunar for å komma fram til gode regionale løysingar.
- Spesialtenester og funksjonar kan takast ivare gjennom interkommunalt samarbeid.
- Arbeida for best mogeleg tilbod der stat og fylkeskommune har ansvar.

### KVA MEINER DU?

Det er no du som innbyggjar kan sei di meining. I kommunane Aurland og Vik skal det gjennomførast rådgjevande folkerøysting den 23. mai.

Voss kommune gjennomfører spørjeundersøking gjennom telefonintervju i tida 4.-23. mai. Resultatet av denne undersøking vert offentleggjort etter kl 20.00 den 23. mai.

Du kan lese Telemarksforsking si utgreiing, intensjonsavtalen mellom kommunane og anna informasjon på kommunane sine nettsider.

Vi håpar du vil engasjere deg!



© Sandra Hofseth



© Logolink



© Logolink



© Visit Flåm / Måttén Rakke

## ØKONOMI

- Aurland har god økonomi og gode inntekter.
- Eigar i solide selskap som gjev avkastning til eigar og lokalsamfunnet.
- Fokusera på god økonomisk styring.
- Arbeida for at kraftkommunane sine rettar blir ivaretekne.

## AURLAND KOMMUNE HAR FOLKEMØTE:

27.04	kl 17.00	Gudvangen,	Ungdomshuset på Skjerping
27.04	kl 19.00	Undredal,	Undredal skule
28.04	kl 17.00	Flåm,	Flåm samfunnshus
28.04	kl 19.00	Vassbygdi,	Ungdomshuset
09.05	kl 18.00	Aurland,	Kommunestyresalen, rådhuset

For meir informasjon: [www.aurland.kommune.no](http://www.aurland.kommune.no)

## INFORMASJON